

# **Forskrift om unnatak frå tidsfristar i saker som krev oppmålingsforretning i Vindafjord kommune - "Vinterforskrift"**

Fastsett av Vindafjord kommunestyre 08.02.2011 med heimel i forskrift av 26. juni 2009 nr. 864 om egedomsregistrering (matrikkelforskrifta) § 18 tredje ledd.

## **§ 1. Føremål**

Føremålet med forskrifta er å utsetje fristen på 16 veker for gjennomføring av oppmålingsforretning i vinterhalvåret.

## **§ 2. Utsett frist for gjennomføring av oppmålingsforretning**

I perioden 15. desember til 15. mars vil fristen for å rekne tid for fullføring av oppmålingsforretning stoppe opp, jfr. matrikkelforskrifta § 18 første ledd.

I tillegg til denne perioden vil også fristen for å rekne tid, stoppe opp i dei delane av kommunen som ligg på kotehøgde over 200 meter frå det kjem snø / tele i bakken til snøen er smelta.

## **§ 3. Iverksetjing**

Denne forskrifta trer i kraft same dato som den blir kunngjort i Norsk Lovtidend.